



Referat frå kommunemøte torsdag 11. juni

Tema: Koronaberedskap

Deltakarar: Fylkesmannen, kommunane, Helse Bergen, Helse Førde og tannhelsetenesta

Ikkje til stade: Askøy kommune, Austrheim kommune, Bergen kommune, Eidfjord kommune, Fitjar kommune, Hyllestad kommune, Kvam herad, Modalen kommune, Sogndal kommune, Tysnes kommune, Ulvik kommune, Vaksdal kommune, Voss herad og Årdal kommune

1. Neste møte og møteaktivitet gjennom sommaren

Vi vil kome til bak korleis vi planlegg møteaktiviteten gjennom sommaren. Fram til dette er avklart vil vi halde på dei faste telefonmøta. Ved ein eventuell reduksjon i møteaktiviteten legg vil til grunn at den vert skrudd opp igjen dersom situasjonen skulle tilseie det.

Neste møte vil bli gjennomført **torsdag 18. juni kl. 13.30.**

2. Mal for evaluering

DSB vil i løpet av ei veke leggje ut ein mal til bruk for evaluering av handteringa av Covid-19. Malen er tenkt å kunne brukast av aktørar som har ansvar for samfunnskritiske funksjonar, både private og offentlege.

Malen vil bli gjort tilgjengeleg på www.dsbo.no når den er ferdig.

3. Rapportering om flystripes som ikkje tilhøyrar etablerte flyplassar

Om sommaren kjem småfly regelmessig frå utlandet og landar på flystripes (ikkje flyplassar) rundt om i Noreg. Helsedirektoratet har bedt fylkesmennene om hjelp til å få oversikt over desse.

Det skal vere rutinar for at Avinor Flysikring varslar politi og toll når det kjem fly frå utlandet, òg på flystripes som ikkje er flyplassar. Helsedirektoratet meiner det er naturlig at politiet innleiar samarbeid med kommuneoverlegen der flystripa er lokalisert, for varsling med tanke på eventuell smitte om bord i flyet. Helsedirektoratet har dialog med Politidirektoratet om dette, og skal sende eit samla oversyn over landingsplassar.

Utanom flyplassane som har rutetrafikk, har vi ved søk på Internett funne desse flyplassane og flystripene i fylket:

- Vaksinen flyplass (Ulven), Bjørnafjorden kommune
- Bømoen, Voss herad
- Rompene airport, Gulen kommune
- Ripel stripe, Kvinnherad kommune
- Sandvinsvatnet, Ullensvang kommune
- Stryn luftfartsklubb, Stryn kommune (mikrofly)
- Steinsdalen, Kvam herad (mikrofly)



4. Tilsynsrolla til kommunane

Som det vart informert om i førre telefonmøte (28. mai), har kommunane i oppgåve å føre tilsyn med at tilskipingar (arrangement) og verksemder driv smittefagleg forsvarleg (Covid-19-forskrifta § 18).

Tilsynsrolla er ikkje nærmare regulert av Covid-19-forskrifta, men vi tenkjer oss likevel at eit minstemål er å:

- Ha dialog og rettleiing med verksemndene
- Følgje med, reagere på uromeldingar og eventuelt stille vilkår og stenge verksemder eller aktivitetar som ikkje held seg til smittevernråda, eller som skapar problemstillingar som ikkje er fanga opp i dei nasjonale råda. På spørsmål og svar-sida til Regjeringa står det uttrykkeleg at kommunen, etter smittevernlova § 4-1, kan vurdere om det er naudsynt å stille vilkår eller nekte gjennomføring av ei tilskiping, også for tilskipingar som oppfyller dei nasjonale allmenne forskriftene.

For meir informasjon om dette sjå spørsmål og svar sida om arrangement og verksemder som halde stengt på regjeringa.no: [https://www.regjeringen.no/no/tema/Koranasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-koranasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-arrangementer/id2703876/](https://www.regjeringen.no/no/tema/Koronasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-koronasituasjonen/sporsmal-og-svar-om-arrangementer/id2703876/)

5. Reglar for sommarmarknadar og andre samlingar

Marknadar er ikkje i seg sjølv tilskipingar, og grensa på 50 personar (som truleg vert auka til 200 frå 15. juni) gjeld ikkje. Dei allmenne smittevernråda gjeld, mellom anna krav til avstand og hygiene.

Samstundes kan ein marknad ha med seg einskilde element som må rekna som tilskipingar eller arrangement, til dømes aktivitetar for born, musikkinnslag, auksjonar og liknande. Desse aktivitetane må rekna som tilskipingar som fell inn under krava for kor mange som kan vere samla og oversikt over kven som er til stades. Så her er det viktig at arrangøren av ein marknad held tunga rett i munnen og har system på kva som er tilskiping eller arrangement og kva som ikkje er det.

Heilt uorganiserte aktivitetar, til dømes at mange uavhengig av kvarandre oppsøkjer ei badestrand eller ein park, er ikkje omfatta av reglane om private eller offentlege tilskipingar. Då gjeld det ingen grenser for kor mange som kan vere til stades og om å ha oversikt over kven som er til stades. Dei allmenne smittevernråda om hygiene og avstand må takast omsyn til her òg. Dersom kommunen har mistanke eller får meldingar om at smittevernråda ikkje vert følgde, så inneber tilsynsrolla at kommunen bør vurdere tiltak eller vilkår, og i verste fall stengje det aktuelle området.

6. Lokale vurderingar knytt til smitteverntiltak og skuleskyss

I den oppdaterte smittevernrettleiarene for skulane er det gjort tydeleg at elever i same klasse/kohort kan sitje saman på bussen. Dette gjeld både på skuleskyss og på vanleg kollektivtransport.

Ved gult nivå, slik som det er no, kan det gjerast vidare lempingar på avstandskrav i kollektivtransporten ut i frå lokale vurderingar av smittesituasjonen. Det er lokale helsemynde (smittevernmynde) som må gjere denne vurderinga saman med skuleeigar og skuleskyssansvarleg (fylkeskommunen).



Ei vurdering frå kommunelegen som godtek oppmuking av avstandskrav vil vere gjeldande til smittesituasjonen endrar seg. Dersom kommune-/smittevernlege meiner skuleskyssen praktiserast på ein måte som ikkje er smittevernfagleg forsvarleg, må det løysast i samarbeid med skuleskyssansvarleg (fylkeskommunen).

Det er viktig at regelverket for smittevern innanfor dei ulike sektorar er harmonisert og i takt med smittesituasjonen i samfunnet elles. Lokale vurderingar er eit verktøy som kan bidra til ein fornuftig praktisering av dette, slik at barn og unge kan få tilbod dei treng, som til dømes undervisning.

Viss kommunen som lokal smittevernmynde treng å drøfte kva som er forsvarleg, er FHI rett instans å rådføre seg med.

7. Arbeidet mot tvangsekteskap, kjønnslemlesting, æresrelatert vald og negativ sosial kontroll - beredskap før sommarferien i forbindelse med Covid-19 pandemien

Smitteverntiltaka som Noreg innførte i samband med covid-19 kan ha forverra situasjonen for mange barn og unge som lever med vald og negativ sosial kontroll i familien. Arbeidet med å sikre rettane til barn og unge er høgt prioritert av regjeringa og krev ein brei tilnærming og samarbeid på tvers av etatar. Tenester for barn og unge i kommunar og fylkeskommunar har ei viktig rolle i arbeidet med å førebygge og gi hjelp på dette området.

Kunnskapsdepartementet og Barne- og familidepartementet sendte 9. juni ut eit brev kor desse utfordringane og forventningar til korleis tenestene følgjer opp, er omtalt. Brevet er sendt til kommunane som er bedt om å vidareformidle det til ei rekke tenester. Det er viktig at de sørger for at alle relevante tenester får brevet.

Brevet vert òg lagt ved referatet.

8. Rettleiing om frivillig og tvungne smitteverntiltak blant pasientar og brukarar i helse- og omsorgstenesta

I samband med utbrotet av covid-19 har Helsedirektoratet mottatt mange spørsmål om situasjonar der pasientar eller brukarar motsett seg eller ikkje følgjer smitteverntiltak, fordi dei ikkje forstår tiltaka eller bakgrunnen for dei, eller som motset seg smitteverntiltak av andre grunner.

Helsedirektoratet sendte i slutten av mars ut ei oversikt over relevante rettsreglar og verkeområde. Sjølv om det no er mindre smitte i befolkninga er det varierande belastning rundt om i landet. Det er òg uvisse knytt til den vidare utviklinga. Helsedirektoratet har difor publisert ei oppfølgjande rettleiing om gjennomføring av frivillige og tvungne smitteverntiltak med meir. Målet med rettleiinga er å styrke pasientars og brukars rettstryggleik, og å lette tenestenes arbeid ved mistenkt eller påvist smitte med covid-19.

Brev av 8. juni frå Helsedirektoratet med rettleiaren finn de her:

<https://www.helsedirektoratet.no/tema/beredskap-og-krisehandtering/koronavirus/anbefalinger-og-beslutninger>



9. Test av asymptotiske kontaktar dag 3 og 7

Folkehelseinstituttet (FHI) skriv i sine retningsliner for testing at det er ei rekke enkeltsituasjonar det er aktuelt å teste asymptotiske personar. Testing av «andre nærbekanta» for å kunne lette på smittekarantenerglane er ein slik situasjon. «Andre nærbekanta» er dei som har hatt nærbekant (jf. § 3 i covid-19-forskriften) med ein person som er stadfesta smitta, men som ikkje:

- a) er husstandsmedlem av den stadfesta smitta eller har tilsvarende tett kontakt, eller
- b) har pleia den smitta, eller hatt tilsvarende nær fysisk kontakt, utan tilrådd verneutstyr.

Desse personane treng ikkje gå i karantene, men skal testast så snart som mogleg, fortrinnsvis på dag tre for sist eksponering. Deretter skal dei testast to til tre dagar etter første testen, gjerne på dag sju. Etter Covid-19-forskrifta § 8 har desse personane plikt til å kontakte helse- og omsorgstenesta for testing. Tenesta må difor ha eit tilbod til desse gjennom sommaren. Det er opp til kommunane korleis dei vel å organisere dette.

De kan lese meir om dei nye karantenerglane: <https://www.fhi.no/nyheter/2020/hva-innebarer-karantenerglene-fra-1-juni/>

10. Beredskapsplan for smitteverntiltak ved auka smittespreiing under covid-19-pandemien

Målet til nasjonale styresmakter er å halde smittespreiinga under kontroll. Vi må vere budd på å slå ned lokal eller nasjonal oppblussing av smitte. 10. juni publiserte regjeringa ein beredskapsplan for smitteverntiltak ved auka smittespreiing under covid-19 pandemien.

Beredskapsplanen tek utgangspunkt i gjeldande regelverk og rammene i Nasjonal helseberedskapsplan. Planen er ein eigen sjukdomsspesifikk plan under Nasjonal beredskapsplan mot utbrot av alvorlege smittsame sjukdommar. For å gjennomføre planen og setje i verk smitteverntiltak, må risikovurderingar, scenario, prinsipp og føresetnader for smitteverntiltak som er omtalt i regjeringas langsigtige strategi, leggast til grunn.

Planen finn de her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/beredskapsplan-for-smitteverntiltak-ved-ekte-smittespredning-under-covid-19-pandemien/id2705749/>